

STRATEGI 2018–2025

DET HUMANISTISKE FAKULTETET

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet – NTNU

Vedteke av fakultetsstyret 19. april 2018



Føreord

Under kvart område i strategien blir situasjonen Det humanistiske fakultetet ønskjer å vere i ved utgangen av strategiperioden i 2025 skildra. Her er i tillegg utviklingsmål som skisserer kor fakultetet særleg bør utvikle seg i løpet av strategiperioden.

Strategien og utviklingsmåla til Det humanistiske fakultetet skal medverke til å realisere ambisjonane i NTNU sin strategi «Kunnskap for ei betre verd» slik den er oppsummert i målbildet for NTNU i 2025.

Foto forside: Lena Knutli

Grafisk design og produksjon: NTNU Grafisk senter

01

Visjon, verdier, samfunnsoppdrag 4

Vår visjon..... 6

Våre verdier 7

Vårt samfunnsoppdrag 8

02

Kjerneoppgåver10

Utdanning og læringsmiljø12

Forsking14

Kunstnarisk verksemd16

Innovasjon18

Formidling.....20

03

Tverrgående innsatsområde.....22

Internasjonalisering24

Tverrfagleg samhandling.....25

Organisasjon og ressursar27

VISJON

VERDIAR

SAMFUNNSOPPDRA

01



VÅR VISJON: KUNNSKAP FOR EI BETRE VERD

Visjonen til Det humanistiske fakultetet er Kunnskap for ei betre verd. Dette jobbar vi for gjennom å utvikle kunnskap om menneske og kultur for ei verd i endring. For å løyse utfordringane verda står overfor og skape eit berekraftig samfunn, trengs kunnskap om korleis kultur og historie formar forståinga vår og vala våre. Slik innsikt er avgjerande i eit samfunn prega av vedvarande forandringar. Den særlege styrken vår ligg i forståinga av samanhengar mellom menneske, kultur, samfunn, natur og teknologi.

VÅRE VERDIAR

NTNU sine verdier – kreativ, kritisk, konstruktiv og respektfull – er retningsgivande for medarbeidarar og studentar ved Det humanistiske fakultetet.

KREATIV	Prinsippet om akademisk fridom ligg til grunn for den faglege verksemda ved Det humanistiske fakultetet. Akademisk fridom er ein føresetnad for god forskning, kritisk samfunnsdebatt og tillit til forskingsbasert kunnskap. På dette grunnlaget tek vi fatt i utfordrande spørsmål og oppgåver, og vi søker nye løysingar med bakgrunn i heile vår faglege breidde. Vi verdset og stimulerer til nyskapande undervisning, forskning, kunstnarleg verksemd og formidling. .
KRITISK	Faga våre skal vere uavhengige stemmer som kritisk utfordrar etablerte førestillingar i samfunnet. Kjeldekritikk og evna til verdibasert refleksjon er særleg viktig i ei tid der informasjonsdeling skjer i eit enormt omfang og med høg hastigheit, og etiske grenser stadig blir utfordra.
KONSTRUKTIV	Vi er løysningsorienterte og utviklar ny kunnskap til gagn for eit berekraftig samfunn. Dette gjer vi på tvers av fag og profesjonar og i dialog og samarbeid med relevante samfunnsaktørar.
RESPEKTFULL	NTNU sine verdier forpliktar både innerter og utetter i verksemda vår. Tilsette og studentar har eit ansvar for å medverke til eit arbeids- og studiemiljø prega av respekt og omtanke. Det humanistiske fakultetet legg til rette for personleg vekst og kompetanseutvikling. Vi medverkar til mangfald og likestilling i samfunnet og i eiga verksemd, og vi fremjer arbeids- og læringsmiljø som er inkluderande for alle.

VÅRT **SAMFUNNSOPPDRAK**



Faga våre står for grunnleggjande verdiar og kunnskap i samfunnet: Dei gir innsikt i menneskelege fenomen som tenking, kultur, språk, religion, kunst, etikk og politikk. Denne kunnskapen har verdi i seg sjølv, men bidreg også til å sette fenomen og hendingar inn i ein større samanheng. Forskinga ved fakultetet stiller samfunnsdiagnosar og utdjupar dei store spørsmåla om samfunnet si retning, om verdien livet har og kva eit menneske er. Fakultetet har difor eit særleg ansvar for å utdanne studentar med evne til verdibasert, kritisk refleksjon samt forståing for tydinga historia har for liva våre. Dette er nødvendige berebjelkar i eit demokrati og for samfunnsutviklinga.

Kandidatane våre fyller ei lang rekkje roller i samfunnet både i privat og offentleg sektor, særleg på dei områda der humanistisk kompetanse er særskilt etterspurt: innafør utdanning, offentleg forvaltning, kunst- og kulturliv og media.

Det humanistiske fakultetet tek vare på, formidlar og fornyar kunstnarleg og praktisk-estetisk kompetanse innan utdanning, forskings- og utviklingsarbeid ved NTNU, og i samfunnet elles.

Faga våre er ein viktig del av breiddeuniversitetet NTNU og for realiseringa av visjonen om kunnskap for ei betre verd. Faga gir ei brei forståing av dei kulturelle dimensjonane ved samfunnsutviklinga, og gir innsikt i forvaltninga av kulturarven. Fagmiljøa bidreg med nødvendig kunnskap for å løyse dei store samfunnsutfordringane og realiseringa av FN sine berekraftsmål.

Vi oppfyller samfunnsoppdraget ved at

- vi utviklar og spissar dei beste miljøa innan utdanning, forskning og kunstnarisk verksemd og legg slik til rette for at alle institutta våre i 2025 har fagmiljø på eit høgt internasjonalt nivå
- fleire av fakultetet sine fagmiljø deltek aktivt i og er premissleverandør både for NTNU sine tverrfaglege og tematiske satsingar, og forskingsprogram i Forskingsrådet og EU
- vi deltek aktivt i samfunnsdebatten og bidreg til å oppretthalde og vidareutvikle dei demokratiske prinsippa og verdiane som samfunnet vårt byggjer på

KJERNEOPPGÅVER

UTDANNING OG LÆRINGSMILJØ

FORSKING

KUNSTNARISK VERKSEMD

INNOVASJON

FORMIDLING

02



■ UTDANNING OG LÆRINGSMILJØ



STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Tilby nytenkende og utforskende undervisning, utført av undervisarar som er sentrale bidragsytarar i NTNU sitt arbeid med læring og utdanningskvalitet

Tydeleggjere profilen på studieprogramma våre, samordne studieprogramporteføljen og samarbeide om studietilbod der det er relevant

Styrke lektorutdanninga, og samarbeide med grunnskolelærerutdanninga om disiplinbaserte bidrag i denne utdanninga

Utdanninga ved Det humanistiske fakultetet er forskingsbasert og held høg standard, sikra gjennom kvalitetsarbeid på alle nivå. Studieporteføljen er basert på solide fagdisiplinar og synleggjer eit tett samarbeid mellom fakultetet og arbeids- og samfunnsliv. Studietilboda våre har høg studenttilfredsheit og lågt fråfall, og kandidatane er ettertrakta i arbeidslivet.

Fakultetet tilbyr ex.phil. til alle studentar ved NTNU. Vi gir etter- og vidareutdanning som er etterspurt både av offentleg sektor og næringslivet. Fakultetet er medviten om at målgruppene for utdanningstilbodet vårt har ulike behov, og studieporteføljen rommar difor deltidsstudium og erfaringsbasert utdanning i tillegg til fulltidsstudium.

Fakultetet har innovative læringsmiljø med varierte og tilpassa undervisnings- og læringsformer, og vi meiner læringsprosessen blir best når studentane opplever nærleik til fagmiljøet. Ny teknologi og digitalisering spelar ei viktig rolle i undervisninga, og blir bruka av kompetente undervisarar for å gje studentane eit best mogleg grunnlag for kunnskapstileigning og oppøving av ferdigheiter. Studentane har eit sjølvstendig ansvar for eiga læring.

Undervisarane våre utøver samfunnsoppdraget med engasjement, og er i stadig fagleg utvikling. Dei samarbeider nært med kollegaer frå andre fagmiljø ved NTNU, nasjonalt og internasjonalt.

■ FORSKING



STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Utvikle fleire nasjonalt og internasjonalt framifrå forskingsmiljø

Utvikle landets beste miljø for handlingsretta humanistisk forskning

Forskinga vår stiller nye spørsmål og bringar fram kunnskap som svarar på sentrale samfunnsutfordringar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Fakultetet har sterke forskingsgrupper og enkeltforskarar med internasjonale nettverk.

Grunnforskning, tverrfagleg forskning og handlingsretta forskning styrker kvarandre gjensidig, og dannar grunnlag for undervisning og for samarbeid med eksterne partar, samfunns-, arbeids- og næringsliv.

Alle medarbeidarar i førstestilling publiserer artiklar og bøker av høg kvalitet i fagleg relevante kanalar. Forskinga blir lese og sitert.

Fakultetet har ei attraktiv doktorgradsutdanning på internasjonalt nivå, der kandidatane gjennomfører på normert tid.

Det faglege handlingsrommet er utvida gjennom ekstern finansiering, som også indikerer kvalitet i forkinga. Dei fleste vitskapleg tilsette leiar eller deltek aktivt i eksternfinansierte forskingsprosjekt. Masterstudentar blir også involverte i slike prosjekt.

■ KUNSTNARISK VERKSEMD



STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Utvikle og synleggjere kunst av høg kvalitet med internasjonal relevans

Vidareutvikle samspelet mellom kunst, humaniora, teknologi og vitskap gjennom tverrfaglege satsingar

Utvikle ph.d.-utdanninga for kunst

■ Dei kunstnariske faga er tufta på estetisk refleksjon og relevant forskning på høgt nivå. Det humanistiske fakultetet utviklar kunst både som unik og sjølvstendig samhandlingsform og som ei kraft i menneskelivet og i samfunnet. Vi utviklar og studerer forholdet mellom kunst og samfunn, og vidareutviklar samspelet mellom kunst, teknologi og vitskap.

Fakultetet set kunsten i ein tverrfagleg, samfunnsmessig og internasjonal samanheng, og utviklar dessutan kunsten og kunstfaga si kritiske og konstruktive rolle for enkeltindividet, for offentlegheita og for skolen.

Omfanget av utøving og utgivingar av kunstnarisk verksemd på anerkjende arenaer er aukande, og andelen kunst med dokumentert høg internasjonal kvalitet aukar.

INNOVASJON



STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Inkludere sosialt og kulturelt entreprenørskap, innovasjon og nyskaping i studieprogramma og forskinga vår der det er relevant

Styrke samarbeidet med næringsliv, kulturliv og offentlig verksemd

Humanistisk nyskaping bidreg til positive forandringar og har nytteverdi for økonomi, samfunn, kultur, offentlege tenester, velferd, miljø og livskvalitet utanfor den akademiske verda.

Utdanninga, forskinga og den kunstnariske verksemda ved fakultetet vårt gir oss eit godt grunnlag for å møte samfunnsutfordringane. Tverrfaglegheit er ein føresetnad for å lukkast. Kunnskapen vi har om mennesket og om verdiane og tankesetta våre, legg premissar for tilnærminga vi har til innovasjon og nyskaping.



FORMIDLING



Foto: Thor Nielsen

STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Syte for at forskning og forskingsresultat kjem samfunnet til gode gjennom målretta formidling i opne, digitale og allment tilgjengelege kanalar

Vere ein tydeleg premissleverandør for offentleg debatt og samfunnsutvikling

Synleggjere kvaliteten og relevansen i fakultetet sine utdanningstilbod

Formidling er ei av universitetet sine hovudoppgåver. Kunnskapen ved Det humanistiske fakultetet blir formidla gjennom utdanning, spreieing av forskingsresultat til offentlegheita, framføring av verk, deltaking i utviklings- og innovasjonsprosessar, deltaking i råd og utval og innspel i politiske avgjerdsprosessar.

Resultata av forskinga og utviklingsarbeidet vårt blir kommunisert både mellom fagfeller og til eit allment publikum, og omfanget av vitskapleg og brukarretta formidling aukar. Resultat av den faglege verksemda blir formidla på måtar som gir innsikt og skapar debatt, og ei rekkje av fagfolka våre målber humanistiske perspektiv i nasjonale råd, komitéar og utval. Stipendiatane, postdoktorane og dei nytilsette i vitskaplege stillingar hos oss har kompetanse i forskingsformidling.

TVERRGÅANDE INNSATSOMRÅDE

INTERNASJONALISERING
TVERRFAGLEG SAMHANDLING
ORGANISASJON OG RESSURSAR

03



INTERNASJONALISERING

Fakultetet er ein del av det globale kunnskapssamfunnet og prioriterer deltaking på internasjonale arenaer og i internasjonale nettverk. Internasjonalt samarbeid bidreg til å styrke kvaliteten på forskinga og utdanninga vår.

Fakultetet legg til rette for utanlandsopphald for tilsette, og for gjesteforskarar som ønskjer opphald hos oss.

Studentane blir oppmuntra til utvekslingsopphald i utlandet i løpet av studiet sitt, og alle studieprogram gir mogleik til dette. Fakultetet tilbyr også internasjonale studieprogram.

Fakultetet vil bidra til å realisere FN sine berekraftsmål i tråd med den kompetansen fagmiljøa våre har på dei aktuelle områda.

Fakultetet har eit særleg ansvar for å utvikle og ta vare på av norsk som fagspråk.

STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Auke den internasjonale mobiliteten

Sikre at studia reflekterer internasjonale utviklingstrendar fagleg og pedagogisk

Vinne fleire internasjonale konkurransar innan forskning, utdanning og innovasjon

TVERRFAGLEG SAMHANDLING

Dei store samfunnsutfordringane som vi står overfor, krev tverrfagleg tilnærming. Fagmiljøa våre, med sin humanistiske kompetanse, er sjølvskrivne deltakarar i tverrfaglege prosjekt både ved NTNU og nasjonalt.

Tverrfagleg samhandling og samarbeid krev solid disiplinkunnskap. Med dette som grunnlag legg fakultetet til rette for samarbeid både internt ved fakultetet og ved NTNU. Tverrfaglegheita ved NTNU omfattar både forskingsprosjekt og studietilbod, og er basert på samarbeid og delingskulturar på tvers av einingar.

Vi leiar viktige, tverrfaglege prosjekt og bidreg med kompetansen vår i arbeidet med å løyse store oppgåver i samfunnet og følgje opp FN sine berekraftsmål.

NTNU si vektlegging av tverrfaglegheit gir fakultetet vårt ein unik profil blant humaniorafakulteta i Noreg.

STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Ta initiativ til og delta i lokale, regionale, nasjonale og internasjonale tverrfaglege satsingar og handlingsorienterte program

Bidra med humanistiske perspektiv i utdanningsverksemda ved NTNU



ORGANISASJON OG RESSURSAR

Fakultetet sin viktigaste ressurs er menneska som arbeider og studerer her. Fakultetet har ein kultur prega av samarbeid, kollegial medverknad og open, dialogbasert kommunikasjon. Vi har eit godt samarbeid med studentdemokratiet og arbeidstakarorganisasjonane, og dei tilsette og studentane er involverte i avgjerdsprosessar.

Arbeidsmiljøet ved fakultetet er helsefremjande og inkluderande, og vi skreddarsyr tiltak for kontinuerleg utvikling av miljøet.

Fakultetet har ei leiing som set mål og tek strategiske val. Vi har tydeleg utdannings- og forskingsleiing på institutta. Det er kort veg mellom leiing og medarbeidarar på alle nivå. Vi har fokus på og set i verk tiltak for å oppnå kjønnsbalanse.

Dei tilsette er opne for endringar i prioriteringar og organisering, og tek initiativ i faglege og administrative samanhengar.

Fakultetet har ein kompetent og fleksibel administrasjon som bidreg til at fakultetet når dei samla måla innan utdanning, forskning, formidling og kunstnarisk verksemd.

Fakultetet har gode og effektive rekrutteringsrutinar og fokus på karriereutvikling.

Fakultetet har god styring av verksemda. Det sikrar tilstrekkeleg handlingsrom for strategiske prioriteringar og nødvendige fornyingar.

STRATEGISKE UTVIKLINGSMÅL

Det humanistiske fakultetet skal:

Sikre at fakultetet er ein attraktiv arbeidsplass med faglege utfordringar i eit trygt arbeidsmiljø for tilsette og studentar

Sikre og føresetje medverknad og openheit i prosessar med respekt for den einskilde sine rettar

FRÅ VISJON TIL VERKELIGHEIT

2018–2025

Gjennom denne strategien vil fakultetet følge opp NTNU sin strategi Kunnskap for ei betre verd. Vi vil konkretisere strategien gjennom kortsiktige mål, hovudprioriteringar og planar som blir oppdaterte kvart år. På enkelte av verksemdsområda vil vi vedta eigne handlingsplanar. Ressursar blir fordelte gjennom fakultetet sin vidarefordelingsmodell, og vi vil foreta ei årleg vurdering av omfang og fordeling av strategimidlar som skal brukast til å realisere strategien.

I tillegg til fakultetet sin strategi, blir det også arbeidd langsiktig på instituttnivå, der eigne strategiar og tiltaksplanar blir utvikla i samråd med dei tilsette.